

REGLEMENT FOR ARBEIDSMILJØUTVALET

(vedteke i kommunestyret 19.11.2009 og rev 28.10.2010)

Arbeidsmiljøutvalet er, i samsvar med gjeldande lover, kommunen sitt partssamansette utval for å gjennomføre eit forsvarleg arbeidsmiljø i verksemda. (Jfr. arbeidsmiljømiljølovas § 7-1) Utvalet sine oppgåver og mynde er regulera i arbeidsmiljølovas § 7-2, og kommunen sitt delegasjonsreglement.

§1. Val og samansetjing.

Arbeidsmiljøutvalet skal ha lik representasjon frå arbeidsgjevar og frå tilsette, totalt 10 medlemmer. Det skal i tillegg vere varamedlemmer for alle dei faste medlemmene.

Funksjonstida for leiaren er to år. Leiarvervet blir delt likt mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarar i valperioden.

Arbeidsgjevars representantar er rådmann og ordførar pluss 3 politisk valde medlemmer.

Hovudverneombod skal vere ein av dei tilsette sine medlemmer. Resten av dei tilsette sine medlemmer skal veljast etter reglane i hovudavtalens Del B §6. Rådmannen er ansvarleg for den praktiske gjennomføringa av valet.

§2. Møter og sakshandsaming.

Arbeidsmiljøutvalet fastset sjølv talet på møter. Det skal normalt haldast 4 møter pr år, og dersom minst 2 medlemer krev møte.

Utvalet tek opp saker på eige, rådmannen eller hovudverneombodet sitt initiativ.

Dersom medlemmene ikkje blir samde i saker dei handsamer, skal det røystast over framlegga. Saker vert avgjort ved vanleg fleirtal. Dersom det er likt røystetal, har utvalsleiaren dobbelrøyst. Både fleirtalet og mindretalet sine framlegg skal protokollerast.

Utvalet skal handsame fylgjande saker:

- Saker om bedriftshelseteneste og intern verneteneste.
- Saker om opplæring, instruksjon m.m. som er viktig for arbeidsmiljøet.
- Planar som krev samtykke frå arbeidstilsynet (jfr. arbeidsmiljølova sin paragraf 19).
- Planar som er viktige for arbeidsmiljøet, t.d. byggjearbeid, rasjonalisering.
- Etablering og vedlikehald av internkontrollsystem.
- Helse- og velferdsmessige saker knytte til arbeidstidsordningar.
- Gå gjennom rapportar om yrkessjukdom, ulykker og nesten ulykker.
- Arbeidsmiljøutvalet skal kvart år avgje rapport om verksemda si til arbeidstilsynet, kommunestyret og arbeidstakarorganisasjonane.
- Arbeidsmiljø saker jfr flytskjema i HMS handboka.

§3. Sekretariat.

Rådmannen har tilrådingsrett. Den rådmannen peikar ut er sekretær for utvalet. I tillegg gjeld reglementet for kommunestyret så langt det høver.

§4. Teieplikt.

Alle som er til stades på utvalsmøta har teieplikt etter forvaltningslova sine reglar, og etter anna lovgjeving som kan vere strengare innanfor utvalet sitt saksområde. Dette gjeld også medlemmer/varamedlemmer og tenestemenn som ikkje er til stades på møte, men som har tilgang til dokument og andre opplysningar frå møte eller innleiande sakshandsaming.

§5. Mindretalsanke

I saker der AMU har fått delegera mynde frå kommunestyret, kan møteleiar eller minst 2 medlemmer krevje at saka vert lagt fram for kommunestyret til avgjerd. Krav om dette skal setjast fram i møtet, og skal førast i møteboka.